



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Dato: 30.10.2018  
Vår ref.: 2018/12147-12  
Saksbehandlar: larklem  
Dykkar ref.:

## KV1133 Myrvollane til Hestdal - Bygging av nytt vassbehandlingsanlegg - Offentleg ettersyn - Meland kommune

Vi viser til brev datert 17.09.2018 om høyring av forslag til detaljregulering for Kv. 1133 Myrvollane til Hestdal. Hovudføremålet i planen er å legge til rette for bygging av nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal og for omlegging av Kv. 1133 Håtuftvegen, inkludert krysset med Fv. 246 Melandsvegen. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplanen, forutan ein del av veganlegget som blir prosjektert til å bli opparbeida i LNF-område. Planprosess vart starta etter at Fylkesmannen i Hordaland klaga på vedtak om at tiltaket skulle bli gjennomført ved dispensasjon.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 14.06.2018.

### Vurdering

#### Planfaglege merknadar

Fylkeskommunen kan ikkje sjå at det kjem fram i sakspapira at kommunen har vurdert behov for konsekvensutgreiing, sjølv om det i merknadsbehandlinga i planskildringa vert vist til at dette vart behandla ved oppstart. Etter forskrift om konsekvensutredningar §11 skal avgjera om ein plan kan få vesentlig verknad for miljø og samfunn bli grunngjeva. Grunngjevinga skal framkome av varsel og kunngjering om oppstart av planarbeidet, og når ein legg ut planforslaget til offentlig ettersyn.

På same tid må det nemnes at det har blitt gjort vurderingar av verknader av planforslaget for landbruk, kulturmiljø, naturmangfold, nærmiljø og frilufts, trafikktryggleik, ROS-analyse samt landskapsbilete.

#### Kulturminne og kulturmiljø

##### *Automatisk freda kulturminne*

I samband med ei dispensasjonssak tidlegare i år som gjaldt utbetring og omlegging av Håtuftvegen ved legging av nye vass- og avlaupsledingar, varsla Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering. Registreringa vart utført 6. og 7. juni 2018, og det vart ikkje registrert automatisk freda kulturminne innafor det aktuelle området. Undersøkingsplikta jf. kulturminnelovas § 9 ser vi difor som for oppfylt, som meldt i vår uttale til oppstartsmeldinga. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innafor planområdet.

##### *Nyare tids kulturminne*

I høve til varselet om oppstart av detaljreguleringa uttalte Hordaland fylkeskommune mellom anna følgjande for nyare tids kulturminne:

*«Me ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk i området som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Me ber om at det tas spesielt omsyn til den SEFRAK-registrerte potekjellaren som ligg på gnr. 30, bnr. 3.»*

I planskildringa står det at tiltak i planen ikkje vil råke viktige enkeltelement som bygningar og jordkjellarar direkte, men at ny veg vil få nærføring til jordkjellar og vedhus på gnr/bnr 30/1, og til jordkjellar og løe-tuft på gnr/bnr 30/3. Jordkjellarane og vedhuset blir regulert til omsynssone c i planen for å sikre bevaring av desse.

Hordaland fylkeskommune finn det positivt at det opprettaast omsynssoner, jf. § 6.3.1, § 6.3.2 og § 6.3.3 i framlegget til reguleringsføresegner. Desse omsynssonene gjeld to jordkjellarar og eit vedhus. Vi har elles ingen merknader i høve til nyare tids kulturminne.

### Naturmangfald

Tiltaket blir belyst til å ha negative konsekvensar for våtmarksområdet i krysset ved fv. Melandsvegen, gjennom versne av torvmyras funksjonar. Denne naturtypen har viktige økologiske funksjonar i form av flaumdemping, karbonlagring og som levestad for dyr og plantar. Fylkeskommunen ser positivt på at ein vil søkje å minimalisere inngrepet på myra, og ber om at dette blir følgt opp i utbygging og mellombels lagring av massar gjennom YM-planen.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknadar til planforslaget, der ein ser positivt på at ein vil betre vassforsyninga i kommunen, skape ein meir trafikksikker løysing for Håtuftvegen og legge omsynssonar rundt kulturminna.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar communal plan

Lars Petter Klem  
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Lars Petter Klem, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Helene Moe, Fylkeskonservatoren

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga